

# Årsmelding

## Naustdal-Gjengedal landskapsvernombåde

### 2019



Foto: Alf Erik Røyrvik

Verneområdeforvaltar  
Alf Erik Røyrvik

## 1. Generelt

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet vart verna 9. januar 2009, og det første verneområdestyret vart konstituert 13. mai 2011. Verneområdet er på 394 km<sup>2</sup>, og ligg i kommunane Gloppen, Naustdal, Jølster og Førde.

### Styret

Det vart konstituert nytt styre for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet i 2016. Etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2015 vart det oppnemnt nye representantar frå kommunane og fylkestinget. Det sittande Naustdal-Gjengedal verneområdestyre konstituerte seg på styremøte 11.mars 2016.

Verneområdestyret for perioden 2016-2019 ser slik ut:

| Verv      | Namn                 | Represeinterer   | Vararepresentant      |
|-----------|----------------------|------------------|-----------------------|
| Leiar     | Håkon Myrvang        | Naustdal kommune | Annlaug Birkeland     |
| Nestleiar | Oddmund Klakegg      | Jølster kommune  | Ragnhild Sæle         |
| Medlem    | Iris Loftheim        | Førde kommune    | Liv Løken             |
| Medlem    | Leidulf Rygg Bogstad | Gloppen kommune  | Gunvor Sunde          |
| Medlem    | Gunhild Berge Stang  | Fylkeskommunen   | Erlend Haugen Herstad |

2019 er siste året dette styret fungerer. Hausten 2019 var det kommune- og fylkestingsval. Med nye kommunestyre og nytt fylkesting skal det oppnemnast nye representantar og nytt eit nytt styre ska konstituerast. Dette vil skje utpå nyåret i 2020.

Styret har hatt fire styremøte i 2019. Alle var fysiske møter; to i Førde, eitt i Hyen og eitt i Naustdal. Totalt har det blitt handsama 23 formelle styresaker i desse møta.

Verneområdeforvaltaren har delegert mynde til å fatte delegerte vedtak i kurante saker, etter visse retningslinjer. Dette gjeld dei aller fleste søknader om motorferdsel, mindre byggesaker og organisert ferdsel. I 2019 har verneområdeforvaltaren handsama 11 saker med delegert mynde.

## 2. Saker

Talet på saker i Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet er på eit lågt til middels nivå samanlikna med andre store verneområde. Saksmengda gjekk ned dei første åra, sidan ein fekk plass fleirårige løyver for årvisse transportbehov. No ligg saksmengda på eit stabilt nivå. Dei fleste vedtakssakene er motorferdselsaker, men det vert og handsama nokre bygge-/inngrepssaker og ein del administrative saker. Motorferdselsakene er som regel kurante og vert handsama med delegert mynde. Enkle byggesaker er ofte kurante og, medan meir kompliserte og omfattande bygge- og inngrepssaker vert lagt fram for styret i styremøte.

### Motorferdsel

| Søkjar                    | Type motorferdsel           | Føremål                                      | Stad                  | Sakshandsaming |
|---------------------------|-----------------------------|--|-----------------------|----------------|
| Per Kandal                | Helikopter                  | Transport til hytte                          | Blådalen              | Delegert mynde |
| NIVA                      | Helikopter                  | Vassprøver                                   | 4 vatn i verneområdet | Delegert mynde |
| Steinar Hetle             | Helikopter                  | Transport av material til byggearbeid        | Osmundnesfjellet      | Delegert mynde |
| NVE                       | Helikopter                  | Montere reflektorar                          | Osmundnesfjellet      | Delegert mynde |
| Arnestad grunneigarlag    | Drone                       | Dokumentere skjøtsel                         | Arnestadstøylen       | Delegert mynde |
| Rakel Rygg Wilke          | Båt med motor               | Transport av material                        | Traudalsvatnet        | Delegert mynde |
| Kritstian Mardal          | Båt med motor               | Transport av material                        | Langedalsvatnet       | Delegert mynde |
| Gimmestad/Moen sameige    | Køyre minigravar            | Reinske grøfter rundt naust                  | Osen i Langedalen     | Delegert mynde |
| Øvre Naustdal Utmarksdrag | Snøskuter - fleirårig løyve | Transport av material, utstyr og forsyningar | Instedalen            | Styresak       |

### Organisert ferdsl

- Nordfjord folkehøgskule fekk løyve til å ha ein større teltleir ved Storevatnet i august, i samband med ein fellestur for heile skulen.

## Bygge- og inngrepssaker

### Dispensasjonssaker i 2019:

- Grunneigarane på Årdal Indre fekk løyve til å bygge på Kupehytta, som er ei felles sankehytte i Årdalskupa på Jølster.
- Steinar Hetle fekk løyve til å kle opp hytta si på Osmundnesfjellet med trekleding.
- Arnestad grunneigarlag har fått godkjent plan for plassring av hytter ved Arnestadstøylen.
- NVE har fått løyve til å sette opp reflektorar på Osmundnesfjellet i samband med overvaking av ustabilt fjell.

### Gjetarhyttesaka:

Saka som gjeld oppføring av gjetarhytte ved Risbotnen i Hyen har gått i systemet i nokre år no. Risbotnen beiteland søkte om å få sette opp gjetarhytte i 2017, og fekk løyve frå verneområdestyret til det. Villreinnemnda klaga på vedtaket, og Miljødirektoratet tok klagen til følgje. Grunneigar i Risbotnen sende deretter saka til Sivilombodsmannen. Ombodet vurderte saka og råda Miljødirektoratet til å vurdere saka på nytt.

Miljødirektoratet tok derfor saka opp til ny vurdering våren 2019. I juni vart det gjennomført ei synfaring der grunneigar, beitebrukarar, forvaltning og villreinutvalet deltok saman med Miljødirektoratet. I juli kom nytt og endeleg vedtak frå Miljødirektoratet der dei gav løyve til å bygge gjetarhytta.

## Besøksstrategi

Besøksstrategien for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde vart godkjent av Miljødirektoratet i mai 2019.

### 3. Rekneskap

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Ålfotbreen landskapsvernområde, er det satt opp ein felles rekneskapsoversikt.

| 2019          | Felles/totalt    |                  | Naustdal-Gjengedal |                | Ålfotbreen     |                |
|---------------|------------------|------------------|--------------------|----------------|----------------|----------------|
|               | Budsjett         | Kostnadar        | Budsjett           | Kostnadar      | Budsjett       | Kostnadar      |
| Drift styre   | 180 000          | 210 764          | 90 000             | 120 001        | 90 000         | 90 763         |
| Planarbeid    | 560 000          | 462 528          | 0                  | 0              | 0              | 0              |
| Tiltaksmidlar | 1 250 000        | 1 076 479        | 560 000            | 462 528        | 600 000        | 493 950        |
| <b>Totalt</b> | <b>1 990 000</b> | <b>1 749 771</b> | <b>650 000</b>     | <b>582 529</b> | <b>690 000</b> | <b>584 713</b> |

Tidlegare har rekneskapen og synt kostnadar til forvaltar og forvaltningsknutepunkt. Dei er ein del av Fylkesmannen sitt totale driftsbudsjett og ikkje lenger skilt ut som eige prosjekt. Vi får derfor ikkje synt desse kostnadane lenger.

Kostnadane til drift av styret er høgare enn det har vore dei siste åra, og vesentleg høgare enn budsjettert. Årsaka til det er at kostnadar til nye nettsider er belasta denne posten mot slutten av året. Budsjettsprekken er dekka inn ved at andre styre tilknytt fylkesmannen i Vestland har midlar til overs på sine budsjett.

## 4. Tiltak / bruk av midlar

### Bruk av midlar:

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde fekk tildelt 560.000 i tiltaksmidlar i 2019. Desse vart nytta på følgjande måte:

| Tiltak                   | Status   | Budsjett   | Brukt             |
|--------------------------|--|------------|-------------------|
| Trapper i Geitabykset    | Ferdig   | kr 200 000 | kr 190 826        |
| Infoskilt                | Skilt levert. Oppsetting gjenstår                | kr 150 000 | kr 204 368        |
| Innkjøp kloppematerial   | Førehandskjøp av kloppar som skal brukast i 2020 | kr 30 000  | kr 30 000         |
| Kart                     | Førehandskjøp av kart som skal leverast i 2020   | kr 15 000  | kr 14 022         |
| Skjøtsel Arnestadstøylen | Årleg skjøtsel                                   | kr 10 000  | kr 10 000         |
| <b>Totalt</b>            |  |            | <b>kr 449 216</b> |

### Tilrettelegging:

Som vanleg vart dei fleste midlane nytta til tilrettelegging for ferdsel og friluftsliv. Utbetring av råsa til Ryssdalshornet med montering av trapper i Geitabykset er eit stort prosjekt som har gått over fleire år. Hausten 2019 var dette ferdig, og resultatet vart særsla bra. No er det mykje lettare å ferdast i Geitabykset på alle ver- og føretihøve. Og stien vil tåle bruk mykje betre enn før, utan å verte øydelagt av erosjon og slitasje.

Det har blitt lagt ei ny strekning med treklopper innover langs Storevatnet

### Skjøtsel:

Arnestad grunneigarlag har gjennomført slått på Arnestadstøylen. Dette er eit årleg tiltak, kor grunneigarane i fellesskap gjennomfører slått og anna skjøtsel på støylen slik at dei held det støylsmiljøet ved like.

### Informasjon:

I 2019 har vi jobba med å få på plass nye informasjonsskilt etter den nye designmanualen og merkevara som Miljødirektoratet har fått utarbeida for nasjonalparkane og andre store verneområde. Styret vedtok å få produsert og montert to «sett» med skilt. Eit i Sandane sentrum og eit ved nye E39 langs Jølstravatnet. Kvart sett skal bestå av eit portalskilt og eit informasjonsskilt med kartplakat og informasjon.

Prosessene med å få på plass skilta har gått parallelt med liknande skilt for Ålfotbrean LVO. Dei vart tinga samla etter ein innkjøps- og anbodsprosess, og levert av Stryvo i Stryn. Fleire andre aktørar har vore involvert i samband med det grafiske innhaldet på plakatane. Vi har også gjort avtale om montering, det vert gjort so fort som det vert tilhøve til det.

Mot slutten av året vart det gjort avtale om produksjon av brettbare kart/brosjyrer til utdeling til turistar og andre besökande. Dei vert levert i 2020.

Totalt vart det nytta om lag 450.000 av dei tildelte 560.000. Altso vart det om lag 110.000 i restmidlar. Hovudårsaka til at ein ikkje får brukt alle dei tildelte midlane, er at vi hadde to store prosjekt (Infoskilt og Geitabykset) med store kostnadars som og var noko usikre. Vi måtte derfor halde att litt på forbruket av midlane slik at vi var trygge på å kome i hamn med dei to prosjekta med dei midlane vi hadde til rådvelde.

Då vi på hausten fekk oversikt over forbruket og såg at vi ville få restmidlar, meldte vi dette inn til Fylkesmannen slik at dei kunne omdisponerast til andre verneområde.

## 5. Rådgjevande utval

Rådgjevande utval er samansett slik:

|                                     |                            |
|-------------------------------------|----------------------------|
| Nils Magne Gjengedal (leiar)        | grunneigar Hyen            |
| Ole Gimmestad                       | grunneigar Sandane         |
| Svein Egil Svorstøl                 | grunneigar Naustdal        |
| Lars Indrebø                        | grunneigar Førde           |
| Inge Erikstad                       | grunneigar Jølster         |
| Kjell Arne Hjellbrekke (nestleiar)  | Sogn og Fjordane Turlag    |
| Erik Solheim                        | Naturvernforbundet S&F     |
| Erlend Aunevik                      | Nordfjord Folkehøgskule    |
| Marita Lindvik                      | Reisemål Stryn & Nordfjord |
| Bjørg Kjos-Wenjum                   | Sunnfjord Næringsutvikling |
| Vidar Aa. Djupvik/Torger Eimhjellen | Førdefjella Villreinutval  |

Det står i vedtekten til verneområdestyret at det skal oppnemnast eit rådgjevande utval. Dette utvalet skal vere samansett av grunneigarar og ulike brukarinteresser, og det skal vere rådgjevande ovanfor styret. Utvalet vart først oppnemnt i 2012 og deretter rullert i 2015. Utvalet har hatt eitt møte i 2019, den 28.oktober på Skei i Jølster.

## 6. Forvaltar

Verneområdeforvaltar er Alf Erik Rørvik (busett i Hyen). Han vart tilsett 1.oktober 2011 og har verka i stillinga samanhengande sidan det. Forvaltaren har kontorstad på Sandane, der han delar kontor med Statens naturopsyn sin oppsynsmann som er tilknytt Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen landskapsvernombord.

Naturopsyn er Rune Holen (busett i Olden). Samarbeidet med SNO lokalt fungerer veldig godt. Vi jobbar mykje i team, både under planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak, tenestekjøp og i dei konkrete sakene som dukkar opp.

Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på i 2019:

- 15.-17. oktober – Miljøfagkonferanse i Trondheim

### Foredrag og liknande

- 28. januar – Møte med skuleleiinga i Firda VGS, representantar frå Gloppen kommune og statssekretær Atle Hamar i KLD.
- 7. februar – Foredrag for friluftslivstudentar på Høgskulen i Volda
- 25.september – Foredrag for reiselivsstudentar frå Høgskulen i Vestland
- 4. desember – Foredrag for valfag friluftsliv på Hyen skule

### Møteverksemd

- Avdelingsmøter, personalsamling og andre interne møter hjå Fylkesmannen.
- Møter som tillitsvalt for Naturviterne hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Møter med fagpersonar i kommunane.
- Møter med organisasjonar og næringsliv.
- Møte med reiseliv/destinasjonsselskap.
- Møte med styret i Utviklingsfondet for Naustdal-Gjengedal LVO.
- Møter og synfaringar med leverandører som vi kjøper tenester og varer frå.
- Uformelle møter med grunneigarar og andre.

Verneområdeforvaltaren og naturopsyn har vore på ein del synfaringar, mellom anna i samband med planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak og i samband med saker som forvaltar og styre har hatt til handsaming.

Forvaltaren er tilsett hjå Fylkesmannen. Fylkesmannsembeta i Sogn og Fjordane og Hordaland vart 1.1.2019 slege saman til Fylkesmannen i Vestland, som då er den nye arbeidsgjevaren til forvaltaren. Etter samanslåinga er forvaltaren ein del av ein ny seksjon og ei større avdeling enn før. Ut over det er ikkje arbeidsoppgåvene eller arbeidskvardagen særleg endra, og samanslåinga har gått ganske saumlaust.

## 7. Bilete frå 2019



**Bilete 1.** Holsvarden (1344moh) er høgaste toppen i fjella mellom Hyefjorden og Gloppefjorden



**Bilete 2.** Strekninga med kloppar som vart lagt langs Storevatnet i 2019 gjer det fint å ferdast over myrane.



**Bilete 3.** Klopplagde stiar kan nyttast på fleire vis! Her har ei lirype lagt reiret sitt under eit kloppebord, og utnytta det ly og vern som eit slikt bord gjev.



**Bilete 4.** Arnestadstøylen. Ein støyl med eit flott støylsmiljø som vert halde i hevd med skjøtsel og gjennom eit godt samarbeid mellom grunneigarar og forvaltninga.



**Bilete 5.** Gjetarhyttesaka ved Risbotnen. Grunneigar og beitelag fekk til slutt løyve til å sette opp gjetarhytte der som hunden og sekken står midt i biletet.



**Bilete 6.** Naturskade i Langedalen. Ekstreme nedbørsmengder 30. juli 2019 førte til ein del skader i og rundt verneområdet, mellom anna på eit brukar ved Fitjestøylen i Langedalen i Gloppen.



**Bilete 7.** Resultat av ekstremnedbør 30. juli. Elva gjekk over sine bredder, vassmassane «skrella» av torva og rulla den saman.



**Bilete 8.** Trappene i Geitabykset vart ferdigstilt hausten 2019. Trappene gjør det både lettare og tryggare å passere det bratte partiet, kor det og var tydeleg slitasje på stien.

Alle foto: Alf Erik Røyrvik